

KULTURALLIANSEN



Ein paraply for kulturfrivilligheita?

Seminar på Riksscenen, 24. november 2015 kl. 9.30-14.00

Har kulturorganisasjonane ønskje om og behov for ein felles, samlande paraplyorganisasjon?

Sjølv om frivilligheita allereie har fleire paraplyorganisasjonar som er viktig for samarbeidet organisasjonane i mellom, har ikkje kulturorganisasjonane ein felles paraply som kan setje kulturpolitiske saker på dagsorden.

Det er fleire kulturfaglege område som ikkje fell inn under arbeidsområdet til dei eksisterande paraplyorganisasjonane, og det ligg eit uløyst potensiale i fleire overlappende interesser organisasjonane i mellom. Idrettsrørsla har i mange år hatt ei felles stemme utad gjennom organiseringa i Norges idrettsforbund. Denne organiseringa gir idretten ei tyngde og slagkraft og ein interessepolitisk legitimitet som også kulturorganisasjonane hadde vore tent med å ha.

Organisasjonane Norsk amatørteaterforbund, Frilynt Norge, Noregs Ungdomslag, Studieforbundet kultur og tradisjon og Norsk musikkråd har teke initiativ til å gjennomføre eit kartleggings- og utgreiingsarbeid om dette spørsmålet, og har fått ei løyving på 1 million kroner frå Kulturdepartementet til å leie eit slikt arbeid.

Over 50 deltakarar frå 34 organisasjonar er påmeldt det innleiande seminaret 24. november, for å starte drøftingane rundt ein eventuell framtidig kulturparaply.

Målet er at ein ein kulturparaply kan bli etablert i løpet av 2016.

KULTURALLIANSEN

Seminarprogram

24. november 2015

- 09.30 Kaffi og registrering
- 10.00 **Velkomen til seminar**
Suzukifiolinistenes aspirantorkester opnar seminaret
Initiativtakarane ønskjer velkomen og orienter om bakgrunnen for prosjektet
Helsing frå Kulturdepartementet v/statssekretær Bjørgulv Borgundvaag
- 10.30 **Strategiske gräsrötter och en kultur för framtiden**
Birgitta Englin er seniorrådgjevar i Tankesmedjan Global Utmaning, og tidlegare VD for Riksteatern i Sverige. Ho var initiativtakar til etableringa av ein ideell kulturallianse i Sverige, og vil fortelje om korleis dei fekk til dette samarbeidet, på tvers av organisasjonsgrenser
.
- 11.10 **Korleis har organiseringa i Norges Idrettsforbund fremja idrettsrørsla?**
Tom Tvedt er president i Norges idrettsforbund, og vil innleie om korleis ei felles organisering av dei mangfaldige idrettsorganisasjonane har fremja fellesskapet.
- 11.45 Lunsj og småsnakk
- 12.30 *Den mangfaldige scenen opnar andre del av seminaret*
Korleis kan ein kulturparaply fremje det lokale og frivillige amatørkulturlivet?
Birgitte Brekke var generalsekretær i Frivillighet Norge frå starten i 2005 fram til ho tidlegare i år gjekk over til Norsk folkehjelp. Ho vil innleie om korleis ei felles organisering av kulturorganisasjonane kan gje det lokale, frivillige kulturlivet eit løft.
- 13.15 **Rundebordskonferanse**
Kva kan ein kulturparaply bety for det lokale kulturlivet og dei nasjonale kulturorganisasjonane? Innspel frå deltakarane til vidare arbeid.
- 13.45 **Oppsummering/vegen vidare**
Initiativtakarane orienterer om korleis ein tenker å gjennomføre prosessen, og korleis vi ønskjer å involvere flest mogleg av organisasjonane i det vidare arbeidet.
- 14.00 **Takk for no!**

Seminaret blir halde på Riksscenen si klubbscene, Schous Kulturbryggeri, bygg J/K, Trondheimsvn 2, Oslo. For spørsmål, ta kontakt på kultur@kulturalliansen.no eller med Eli Ulvestad, tlf 994 64 995.